



Konfirmasjon

Masfjorden 2026/27

Innhald for kvelden:

Kva er konfirmasjon?

Informasjon om konfirmantåret

Viktige datoar / Terminliste

Undervisning

Gudstenester

Festival

Ikkje døypt?

Tilpassa opplegg

Fasteaksjon

Leir

Reglar

Foreldre /føresette

Konfirmantfest

FollowMe / Krik

Kva er innhaldet i konfirmasjonstida?

Gode fellesskap

Undervisning og samtalar om kristen tru og det å vere ung

Engasjement i miljø- og solidaritetsarbeid

Å bli kjent med kyrkjerommet

Å vere med på gudstenester

Delta i på aktivitetar og seminar

Turar eller konfirmantleir

Informasjon

www.kyrkjaimasfjorden.no



LIVETS GANG

KYRKJA I MASFJORDEN

KONTAKT OSS

PÅMELDINGAR



Livets gang

Kyrkja i Masfjorden

Kontakt oss

Terminliste

Terminliste haust 2026

Oversikt over haustsemesteret.



Viktige datoar

- **2026: Oppstart - presentasjonsgudstenester**
- **13. august: Felles orienteringsmøte for alle konfirmantar og foreldre/føresette, Frøyset kyrkje kl. 18:00**
- 16. august: Presentasjonsgudsteneste for Sandnes konfirmantar, Sandnes kyrkje kl 11:00
- **27. august: Oppstart samling for alle konfirmantar i Masfjorden, Frøyset kyrkje, kl 17:15 -19:00**
- 30. august: Presentasjonsgudsteneste Solheim konfirmantar, Solheim kyrkje kl 11:00
- 30. august: Presentasjonsgudsteneste Frøyset konfirmantar, Frøyset kyrkje kl 14:00

Viktige datoar

2027: Konfirmasjonsgudstenester

- 25. april: Konfirmasjon Sandnes kyrkje kl 11:00
- 02. mai: Konfirmasjon Solheim kyrkje, kl 11:00
- 09. mai: Konfirmasjon Frøyset kyrkje, kl 11:00
- 19.-21. februar: KONFIRMANTLEIR Fjon fjellkyrkje

Hausten 2026

- 26. september – BOLK undervisning
- Undervisningsdag i Sandnes kyrkje frå kl. 10:00–15:00.
- 24. oktober – BOLK undervisning
- Undervisningsdag i Frøyset kyrkje frå kl. 10:00–15:00.
- 4. november – Seminar om rus og psykisk helse
- Seminar om rus og psykisk helse i Masfjorden.
- 3. desember – Samling og øving til lysmesse
- Samling og øving til lysmesse i Frøyset kyrkje kl. 17:15.
- 6. desember – Lysmesse
- Lysmesse i Frøyset kyrkje kl. 18:00.

Undervisning

- Samlingar vert gjennomført BOLK-vis. Laurdagsamlingar – ca ein gong i månaden. Nokre gongar også seminar, der vi får besøk frå ein organisasjon utanifrå.
- I undervisninga går ein gjennom ulike tema i forhold til kristen tru og etikk. Kjernestoff vil vere truvedkjenninga, bønna Vår Far, dei 10 bod, Den gyldne regel, Den vesle Bibel, Det doble kjærleiksbodet, salmeskatten og Kristuskransen.
- Det vert også lagt opp til samtalar omkring om sjølvbilete og identitet, korleis møte ulike livssituasjonar, kva er rett og gale, kropp og seksualitet, rettferd i eit globalt perspektiv, osv.
- Samværa legg opp til samtale, kreativt bibelarbeid, filmar og gruppeoppgåver.



Gudstenester

Konfirmantane skal i løpet av denne tida bli betre kjende med gudstenestelivet. Målet er at konfirmantane skal kjenne seg heime i kyrkja og i fellesskapen ein møter der.

Konfirmantane vil få høve til å vere medaktørar i ulike gudstenester. Saman med prest / kateket/ skal konfirmantane utforme og gjennomføre ulike gudstenester som til dømes lysmesse, gudstenester med oppgåver og (eventuelt) samtalegudsteneste.

8 gudstenester i løpet av året.***



8 gudstenester i løpet av året

- 1) **Presentasjonsgudsteneste**
- 2) **Lysmesse**
- 3) **Gudsteneste med oppgåve**
- 4) **Konfirmasjonsgudsteneste**
- 5) Dei 4 andre kan ein bestemme sjølv

PS! Kan og vere i andre kyrkjelydar.

Husk å få oppført oppmøtet ditt!

Konfirmantfestival

3. April 2027



Ikkje døypt?

- Du er velkomen til å vere med i konfirmanttida sjølv om du ikkje er døypt. Sjølv konfirmasjonsgudstenesta føreset at du er døypt. Kvart år blir om lag 1000 ungdommar døypte i konfirmanttida.
- Ved påmelding til konfirmasjonsundervisning krysser ein av om konfirmanten er døypt i Den norske kyrkja. Om ein ikkje er det, avtalar prest eit møte med konfirmant og forelder/føresette der ein avklarar om dåp er ønskjeleg.
- Har ein spørsmål i samband med dette tema, kan ein ta direkte kontakt med presten. Sjå etter kontaktinfo på nettstaden.



Tilpassa opplegg

- Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne.
- Dersom det trengst individuell tilrettelegging, ta kontakt med den konfirmantansvarlege, slik at vi kan finne dei gode løysingane for dykk.



Fasteaksjon

- Det er eit mål at konfirmantane skal kjenne seg som ein del av den lokale og verdsvide fellesskapen. I den samanheng skal konfirmantane ta del i diakonale handlingar.
- Kvart år deltek konfirmantar over heile landet i Kirkens Nødhjelp sin fastaksjon. Her vert det samla inn pengar til prosjekt som kjem fattige land til gode. I samband med fasteaksjonen vert det arrangert seminar i samarbeid med Kirkens Nødhjelp.
- **Resultat 2026: kroner 46.909,-**



Leir

- Det har blitt ein tradisjon at konfirmantane dreg på leir. Dette vert rekna som eit av dei store høgdepunkta i løpet av denne tida.
- **Leiren vert på Fjon Fjellkyrkje den 19.-21. februar 2026 .**
- Meir info kjem. Dette blir bra! Leirane er lagt opp med fokus på det sosiale.
- På programmet står det bibeltimar, undervisning/seminar og mykje lek og moro.



Reglar

- Ver grei mot dei andre!
- Meld frå så snart som mogleg om ein ikkje kan møte.
- Viktig at konfirmantopplegget blir prioritert.
- Manglande oppmøte – blir følgd opp
- Bråk og uro....





Foreldre/føresette

- Eit godt samarbeid med heimane er ein viktig føresetnad for ei god konfirmanttid. Så snart som mogleg samlar vi foreldre og konfirmatar til ein gjennomgang av konfirmantåret.
- Vi har behov for at foreldre kan ta del i ulike oppgåver, t.d. lage mat til ei samling, transport, vakt under arrangement, etc. Vi har gode erfaringar med at foreldre stiller opp.
- Er det forhold rundt konfirmanten som foreldre meiner er viktig at det vert teke omsyn til, ber vi om at ein tek kontakt. Dette kan ein gjere ved å krysse av i påmeldingsskjema, at ein ønskjer ein samtale/møte med kateket.
- Ikkje dropp konfirmanten på gudstensta – BLI MED SJØLV!



Konfirmantfest

Tradisjon at det blir arrangert konfirmantfest i Fjon Fjellkyrkje.

Dette er for konfirmantar og foreldre/føresette.

Her blir det servert middag og kaker. Eige program for kvelden.

Dette skjer:

Onsdag 26. mai 2027

Kl 18-21

follow

Leiartrening

Unge i Alver frå 8. klasse samlast i Knarvik kyrkje annakvar fredag

- followme er fellesskap for unge frå heile Alver. Det er alltid mat, leik og gøy, leiartrening, trusbygging. Du kan også bli utfordra til å vere leiar på trusopplæringstiltak, og du kan få kursbevis og noko å ha på CV'en. Du kan også berre kome innom når du har tid for å vere ein del av fellesskapet.
- followme vil sjå - samle - styrke. Vi vil sjå kvarandre og sjå evner og ressursar unge har som kan utviklast, vi vil samle unge frå heile Alver, og vi vil styrke den einskilde i seg sjølv og i trua

KRIK

KRIK Friluftsliv Nordhordland

174 følgere • Følger 16

KRIK Friluftsliv Nordhordland er ei friluftsguppe for familier og ungdommer. Vi kommer til å ha sporadiske turer og opplegg , både med og uten overnatting. Vi håper å få til både klatre turer og skiturer, fjellturer med og uten overnatting.

📅 Ideell organisasjon Billig

Melding

Følger

Søk



Nattcup KRIK / KFUM-K

